

Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen

Radøyhallen er eit kommunalt idrettsanlegg som består av idrettshall («handballstorleik»), 25-meters basseng, terapibasseng og skytebane. I tilknytning idrettshallen ligg også ungdomens hus med kjøkken og sosialt rom.

Desse retningslinene gjeld ikkje skytebana, som vert disponert av Radøy skyttarlag, og ungdomens hus, som vert disponert av Radøy ungdomsklubb. Eventuell leige av desse delane av Radøyhallen må avtalast med skyttarlaget og ungdomskoordinatoren.

Fordeling av faste leidgetider

Faste leidgetider vert fordelt for eitt år om gangen, utleigepериодen følgjer skuleåret. Kultur- og sørvistorget sender ut skriv med påminning om å melda inn ynskt leidgetid til aktuelle legetakarar i løpet av april. Fristen skal i tillegg annonserast på nettsidene til kommunen, på facebook og i lokalavisene. Kring midten av mai vert faste leidgetider frå august og eitt år fram i tid fordelt i møte der kultur- og sørvistorget, ungdomskoordinatoren og idrettsrådet er representerte. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal uttala seg i samband med fordeling av tid i terapibassenget.

I skuletida vert skulane i Radøy og tiltak for born med nedsett funksjoneevne prioritert når det gjeld leidgetid i Radøyhallen.

Elles skal fordeling av tid i idrettshallen og 25-meters bassenget prioriterast i følgjande rekjkjefølgje:

1. Allmenn idrettsleg verksemd for born og unge i regi av lag og organisasjoner i kommunen.
2. Allmenn idrettsleg verksemd for vaksne i regi av lag og organisasjoner i kommunen.
3. Aktivitetar i regi av lag og organisasjoner i kommunen.
4. Aktivitetar i regi av andre aktørar som held til i Radøy kommune.
5. Aktivitetar i regi av aktørar utanfor Radøy kommune.

Alle som leiger Radøyhallen pliktar å oppgje kor stor del av hallen dei treng slik at hallen evt kan leigast ut til fleire aktørar samstundes.

Fordeling av tid i terapibassenget skal prioriterast i følgjande rekjkjefølgje:

1. Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne i regi av Radøy kommune og lag og organisasjoner i kommunen.
2. Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne i regi av private aktørar i kommunen.
3. Aktivitetar for andre brukargrupper i kommunen
4. Aktørar utanfor kommunen

Utleige til arrangement og aktivitetar på tidspunkt der anlegga er ledige

Alle kan be om å få leiga anlegga i Radøyhallen på tidspunkt anlegget er ledig. Kommunen vil vurdera om kriteria for utleige av hallen er oppfylt.

Det er i regelen ikkje mogleg å booka Radøyhallen meir enn seks månader fram i tid, men ein kan gjera unntak for større arrangement i regi av aktørar i kommunen der tidleg avklaring er viktig for planlegginga av arrangementet.

Store, årlege arrangement

Store, årlege arrangement til faste tider i regi av lag og organisasjonar i Radøy kommune som Manger cup og Mangerfestivalen kan leggjast inn fleire år fram i tid.

17. mai vert sett av til folkearrangement og idrettshallen vert halde av til dette frå ettermiddag 16.mai og heile 17. mai.

Utleige til arrangement på tidspunkt anlegga er opptatt

Dersom ein aktør ynskjer å leiga Radøyhallen på eit tidspunkt der anlegget er opptatt, må ein senda søknad til kommunen. Dersom kriteria for utleige av anlegget er oppfylte, vil kommunen vil gå i dialog med dei som har booka anlegget for å sjå om det er mogleg å få til ei løysing. Om dialogen ikkje fører fram kan kommunen likevel, i samråd med idrettsrådet, innvilga søknaden. Dette skal berre skje dersom det ikkje medfører store ulemper for leagetakaren som først fekk tildelt tid.

Søknad om å bruka hallen eller bassenga på tidspunkt der anlegget er booka, må skje seinast éin månad før arrangementet.

Kriterium for utleige av hallen

- Alle som leiger hallen pliktar å setja seg inn i reglementet for utleige av hallen og gjera seg kjend med tryggleiksinstruksjonen.
- Det skal vera minst éin ansvarleg person over 18 år tilstades i heile leigetida.
- I bassenget skal minst to personar med livreddingskurs vera til stades.
- Idrettshallen skal ikkje leigast ut til dyreutstillingar og andre arrangement som medfører store ulemper for andre brukarar av hallen.
- Kommunen vil i kvart einskild tilfelle vurdera om vilkåra for utleige av anlegga er oppfylte og i tråd med aktuelle lover og reglar.